

Jan Otto Andvik
 Eknes 57
 5993 OSTEREIDET

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
23. 10. 2014	
Ark. nr. 14/72/2	
Saksb.	Tilgjengelig

Lindås kommune
 v/ rådmannen Rådhuset
 5914 ISDALSTØ

Eknes 17. oktober 2014

Forsøppling/Forrureining

Så vidt eg kjenner til, så er det sendt fleire førespurdnader til kommunen om forsøpplinga som går føre seg på gnr 238 bnr 8 Eknes utan at vi kan sjå at dette har ført til noko som heldst.

På denne tomten har det over lengre tid kome til bilvrak, båtar og alverdens skrot og søppel, og etter det kan som ein kan sjå vert det både brendt og grave ned ting som burde vore levert til godkjendt mottak.

Det som og er alvorleg, er at drenering frå dette området går til ein bekk som renn ut i sjøen ved badeplassen til Bergen og Omland Friluftsråd på Eknes.

Ber om at du som rådmann tek tak i dette, då det ser ut til at dei henvendelser om dette har stoppa opp og gått i gløymeboka i kommunen, sjølv om alle som kjører på E 39 mot Ostereidet vil sjå rotet.

Det vil gå kopi av dette brevet til Miljøvernavdelinga hjå fylkesmannen, for gjer ikkje kommunen noko med dette no, så må vi nok sjå oss nøyde til sjå om vi får hejelp der, eller melda dett til Statens forrureiningstilsyn.

Helsing



Jan Otto Andvik

Kopi: Miljøvernavdelinga til Fylkesmannen i Hordaland